



# MAGASIN



Jørgen Magnus måtte ause ein del, men han kom seg trygt fram til Herdla. Her er han på Iden marina der fleire sette ut båtane.



23 båtar rodde saman til Herdla laurdag.



Ordførar Sara Sekkingstad fekk vere med å både ro og segle søndag.



Båtane på veg på veg ut att etter strandhogg på Herdla.

# Opplevingar i kø under «Den sto

Klokka er 09.00 og fleire er alt komne med båtane sine. Ein av dei yngste set den gamle trebåten sin utpå for første gong på lenge.

Nokre av dei eldste prøver å skjule eit smil, men har også medkjensle i blikket. Dei veit at båten må trutne for å bli tett, og at det fort tar tid.

For det er trebåtar det handlar om. Gamle og nye robåtar, nokon med plass til eit par årer, nokon med fleire par årer, og nokon med segl.

Det tar ikkje lang tid for han får erfare det sjølv. Vatnet fyller seg opp i båten i faretruande stor fart, og det er

med denne båten han skal krysse fjorden med handmakt.

Men han er ikkje áleine. Heile 23 båtar og 54 deltakarar er med.

For denne helga var det tid for Den store roen, arrangert av Vestland Fylkeskystlag, Kystkultur.no, Kvernbit IL og Holsnøy kystlag.

Det er ei vidareføring av Tysnes rundt, og vert árlig arrangert av ulike arrangementar på vestlandet.

## Måtte ausa

Dei sjøset båtane på ulike stader. Nokon på Iden Marina, nokon kjem frå Ypsø, og nokon andre stader frå. Alle skal likevel samlast i Eikelandsvågen på Holsnøy, for det er her eit ganske tettpakka program byrjar denne dagen.

– Det er første gong er med, seier Jørgen Magnus som eig ein av dei gamle Oselvarane som er med.

Han har akkurat sjøsett båten ved Iden Marina.

– Det er ein mannsalder sidan han var utpå sist, så det vert nok ein tur med ei hand på ára og ei på ausekaret, seier Magnus.

Han ville bli med då han har stor interesse for å vere på sjøen, for roing, segling og for gamle båtar.

## Først innom Eikeland

Eit par timer etter sjøsetting er både han og dei andre framme på Holsnøy. Her får dei omvisning og får lære om gravplassen på Eikeland. Dette var gravplassen for innbyggjarane på Herdla under krigen.

Tyskarane reiv kyrkjetårnet på Herdla då engelskmennene navigerte etter det, og så brukte dei sjølege kyrkja som stall. Det var ingen stad att for dei frå Herdla til å ta ei verdig avskjed med sine kjære.

## Matpause på Ypsø

Etter besøket på Eikeland, rodde dei vidare til Ypsø for matpause og omvis-

ning på Ypsø kystgard.

Det var først då dei var på veg frå Ypsø til Herdla, at eg fekk treffen dei att og bli med på resten av turen.

Eg fekk gå om bord i båten til Atle Bergseth og Kåre Bjerkøy, to erfarme roarar og arrangørar av Den store roen.

Vêret var nydeleg, med sol frå skyfri himmel, og med god temperatur. Mange var med, men likevel var det ei stille god stemning, ei stemning som gav titelen for arrangementet så rett.

Den store roen.

## Møtte havørn

I det me nærma oss land, dukka havørna opp. Kanskje ho undra seg over dette følgjet som kom med jamne åredrag inn mot land.

Det vart gjort klart for strandhogg. For ein frilansjournalist med berre vage barndomsminne frå roturar med den gamle trebåten vår, var det litt uvant.



Leiar i kystkultur.no, Kjell Magne Økland, informerte om fellesnaust som kan vere framtida.



Leif Johnsen er ein av arrangørane av Den store roen.



Den innleidige fotografen frå kystkultur.no, måtte tre støttande til på siste innspurten.



ALLE FOTO: MONICA SKJELANGER REKNES

“

Siden jeg så ham en enkelt gang, han lå ved bryggen med fisk; hans hår var hvidt, men han lo og sang og var som en ungdom frisk. Til pigerne havde han skjemtsomme ord, han spøgte med byens børn, han svinged sydvesten og sprang ombord; så hejste han fokken, og hjem han foer i solskin, den gamle ørn.



Dette er ein litt større Oselvar, med to par årer.



Leif Johnsen fortalte om kvinnene sitt arbeid for at mennene kunne reise ut på fiske. Dei trøg både segl og båtrye [bilet]. Fiskarane pakka rya rundt seg for å halde varmen når dei skulle sove. Det er sagt at kvinnene vedde inn litt av undertøyet sitt i rya slik at mannen ikke skulle gløymne henne medan han var vekke.



Jens Frøyland, Amund Svendsby og Nicklas Murphy var truleg dei yngste deltakarane på Den store roen.



Det var mange deltakarar.

# re roen»

## Kasta seg i sjøen

No kasta nokre plutseleg buksa si og hoppa ut i sjøen i berre trusa. Dei fleste bretta opp buksbeina. Det vart klart at her måtte me vasse, men vatnet hadde høg temperatur og botnen var mjuk og god å gå på.

Det var ei stor, flott strand, med god plass til alle. Landskapet var ope og gjestmildt. Nokre badegjestar var alt på plass, og ein flokk med kviger rusla roleg rundt eit stykke vekke.

Oppå haugen sto ornitolog Lars Agren som kom med ein av dei første båtane.

## Fuglelivet på Herdla

Agren fortalte om fuglelivet på Herdla. Han er uroa for nedgangen i fleire fuglearistar, mellom anna vipa som har nedgang på 85 prosent. Fiskemåka har også stor nedgang.

Deltakarane var ivrige tilhøyrarar og avbraut til tider med spørsmål om dei ulike fuglane som kom forbi og kikka forvitne ned på oss som stod der.

## Ønskjer fellesnaust

Turen gjekk etter ei stund vidare til Herdlevågen, som var endestasjonen denne dagen. Her

var det som om to tider møttest. Dei nostalgiske robåtane av tre, som vitna om ei anna tid, og store moderne båtar som vitna om vår moderne tid med overflod.

Likevel er romiljøet framtidssretta. Under kulturfelden på Herdla museum la Kjell Magnus Økland fram planane for det tradisjonelle båtlivet.

Han er dagleg leiar i Kystkultur.no.

Målet er fellesnaust, tilgjengeliggjort for alle. Ved hjelp av app skal du kunne bestille båt for du hentar han i naustet. Så skal det vere lett å få båtan på sjøen og attende på plass.

Båtane skal vere tradisjonelle robåtar av tre i ulike storleikar.

Så kanskje vil det verte roturar på fleire av oss framover?

Det er på tide for meg å seie takk for meg. Deltakarane skal overnatte på Herdla, og ro vidare og oppleve mykje meir neste dag.

Då skal og ordførar i Alver, Sara Sekkingstad, vere med.